År 1961 den 30. september vart det
halde møte i Lavik kommunestyre.
Møtet vart halde i kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med
paragraf 11. i kommunestyrelova

Desse var fråverande: Hermund Hjelmeland,
Karl Kvammen og Olav Myren.
Margit Bang møtte som varamann for
Hermund Hjelmeland.

Ordføraren gav at innkallinga av 25. september.
Ingen hadde merknad å gjere, og ordføraren sa
frå at møtet var lovleg sett.

Der var førehatt:

61/61 Referat:

a. Fylkesmannen si godkjenning og merknader til
vedtaka i kommunestyremøte den 27. juli 1961.

b. Skriv frå samferdselkonsulenten i Sogn og Fjordane
vedk. tildeling av leigebilløyve med stasjon i
Lavik sentrum.

c. Skriv frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedk.
tilskot til vegstellet i landdistrikta for 1961.

d. Skriv frå fylkesmannen med godkjenning om
trygd for lån til [redacted]

e. Skriv frå det Kgl. Kommunal og Arb. departement med godkjenning av tygd for lån i Noregs-Småbruk- og Bustadbank. Det opplesne vart oidlagt
No møtte Arne Hellesø som varamann for Karl Lammer (møteleder).

62/61 Kommuneinndelinga.
Serutskr. 3/10 F. mannen
Kommunaldepartementet har i brev av 9. sept. 1961 bede om fråsegn vedkomande den endelege tilråding frå kommuneinndelingskomiteen. Tilrådinga for det som vedkjem Lavik vart attgjeven.
Samr. vedtak: Kommunestyre har ingen merknad til tilrådinga, og viser elles til tidlegare vedtak i saka i kommunestyremøte den 27. juli 1957 og 13. mai 1959.
Oppdeling av kommunen er ein avgjort i mot.

63/61 Søknad frå [redacted] om forskotering til
Serutskr. 9/10
gardsveg. Søknaden vart attgjeven.
Vedtak med 11 mot 5 røyster:
Søknaden kan førebels ikkje stettast.
Mindretalet røysta for dette framlegget: Av H.K. x.B.5.e vert forskottert kr. 3.000.-.

√ 64/61 Søknad frå [redacted] om tilskot til kai.
Serutskr. 9/10 Søknaden vart attgjeven, og det er opplyst at kaien kosta ca kr. 18.000.-.
Vedtak: med 11 mot 5 røyster:
Kommunestyre er samd om at det bør ytast

eit tilskot, men grunna budsjettvanskar vert saka førebels utsett.
Mindretalet røysta for dette framlegget:
Av H.K. X.B.5e. yter kommunen eit tilskot på kr. 4.000.-.

✓ 65/61 Søknad om lån i Husbanken.
sendt 3/10 [redacted] søkjer om lån i Den
F.mannen Norske Stats Husbank, stort kr. 58.000.-, derav
Husbanken 9/10 kr. 13.000.- som stønads- eller tilleggslån.
Lånet skal nyttast til bustadhus.
Husnemnda har ikkje noko å merka til søknaden og rår til at det vert gjeve eit ~~tilsk~~ stønadslån på kr. 13.000.-.
Samr. vedtak:
Lavik kommune tryggar på vanlege vilkår for eit ordinært pantelån på kr. 45.000.-.
Ein rår elles til at det vert gjeve eit stønadslån på kr. 13.000.- og vedtek å betale inn til banken sin tildelpart av denne summen.

66/61 Skattlegging for inntektsåret 1962.
sendt 9/10 Samr. vedtak: ~~Forskotsskatt~~ og forskotsskattetrekk for inntekts-
F.mannen året 1962 vert å rekne ut etter skattøre 18 og tabell III på inntekt og 4 ‰ på eiga.
Eigedomsskatten vert å skrive ut etter kr. 0.50 pr. skyldmark.

67/61 Løn til ordføraren for 1962.
Sentsk. 9/10 ~~Samr.~~ Ordføraren var ugild og gjekk frå og
f. mannsk. varaordføraar Hjelmeland overtok møteleiinga.
Samr. vedtak: Løna vert fastsett til kr. 1.500.-
~~pr.~~ Dessutan får ordføraren ei godtgjersle
på kr. 2.000.- for sekretærarbeid.

Ordføraren overtok så møteleiinga att.
68/61 Budsjett for 1962.
Sentsk. 9/10 Formannskapet sitt framlegg til budsjett har
f. mannsk. vore utlagt til ettersyn i lovfest tid.
Merknader til framlegget var ikkje innkome.
Budsjettet syner ei brutto jamvekt med kr.
812.651.79, medan nettojamvekta er på
kr. 437.520.-.
~~Vedtak~~: Avgjerd:
Formannskapet sitt framlegg til budsjett vart
samrøystes vedteke.

69/61 Sysselsettingsplan for 1962.
Sentsk. 4/10 Samr. vedtak:
f. mannsk. Kommunen har til rådvelde i 1962 ca
f. arbeidskont. kr. 60.000.- til gards- og grendevegar, og den
kommunale sysselsetting på anlegg skal
innsetjast på ettennemnde gardsvegar
1. Veg til Baug.
2. Tjørken - Gudmundsro.
Som hjelpearbeidstiltak har ein bygdevegs-
anlegget Bakken - Tordsund.

70/61 Tilsetjing av husmorvikar.

Arbeidsutvalet 9/10 Til stillinga som husmorvikar har det meldt seg 1 søkjar.

Husmorvikarnemnda. Samr. vedtak:

Oddny Lunde vert tilsett som husmorvikar i

Lavik frå 15. oktober 1961.

Løn kr. 550.- pr. mnd. + fritt hus, lys og brensel.

Tre månaders oppseiing frå båe partar.

Møtet slutt

Møteboka opplesen.

Arnor Lavik Jens Nyland Per Nyen.